

Trusopplæringa er eit tilbod til born frå 0-18 år og deira føresette. Å få opplæring i trua er viktig for å gje borna eit grunnlag for å velje si eiga tru. Skulen har i dag mindre religionsundervisning. Difor er det viktig at de kjem på T-dagar med borna.

Trusopplæringa er også viktig for å gje borna ein tryggleik og eit medvit om at Gud er der for oss og passar på oss uansett kva situasjonar me kjem i gjennom livet. Å ha ei tru som ligg som ein grunnmur i livet kan gjere oss sterkare og meir rusta for utfordringar som møter oss.

I dåpen lovar me borna våre å lære dei opp i trua. Dette hjelper trusopplæringa dykk med.

Alle er hjarteleg velkomne til T-dagane uansett livssyn.

 Kyrkja i Voss

Uttrågata 5, Pb. 49, 5701 Voss, Tlf. 56 52 38 80

e-post: t-dagane@voss.kyrkja.no,

www.voss.kyrkja.no  "Trusopplæringa i Voss"

Frivillig gåve til trusopplæringa til kontonr. 3480

16 45293 (merk: trusopplæring)



STØRST AV ALT

BARN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA



STØRST AV ALT

BORN OG UNGE I DEN NORSKE KYRKJA

VOSS

Velkomen til
T₄-dag

Barnebibel til 4-åringane



T₄

Kjære Foreldre

De har no ein 4-åring i huset, fødd i 2021 og døypt ei tid etter det.

Samman med 4-åringen er de invitert til **T4**-dag, som ei oppfølging av dåpen.

Utdeling av barnebibel til fireåringane er ein del av gustenesta i *Vinje kyrkje* søndag 21. september kl. 11:00.

Dette er ei familiegudsteneste som er felles for Oppheim og Vinje.

Heile familien er velkomen. Tilbodet om bibel gjeld alle born i den aktuelle alderen.

Om de har spørsmål, må de gjerne ta kontakt.

Eg er trygg hos deg

Eg er trygg hos deg.

Eg får be til deg.

Eg får lovsyngja ditt namn.

Du har tid for meg,

når eg søker deg,

min Herre, min Gud.

**Påmelding innan
torsdag 18. september**

på www.voss.kyrkja.no
eller bruk QR-koden

